



GLOPPENMODELLEN

Ein fagutdanningsmodell

Rettleiar for digitalisering av Gloppenmodellen

Del 1: Utvikling av digitalt innhald for Gloppenmodellen



Unit anno 1940

Foto: Kari Irene Lysgård



Unit anno 2023

Foto: Ann Iren Festervoll

Temahefte digitalisering Gloppenmodellen

1.0 Innleiinga


Gloppenmodellen starta i Gloppen i 2013. Gloppen kommune og NAV hadde jobba over tid for å finne ein god måte å kvalifisere minoritetsspråklege vaksne til arbeid. Det var eit felles ynskje om å få til eit løp der dei som var rusta til det, kunne komme tidleg i gang med vidaregåande opplæring, helst innafor ramma til introduksjonsprogrammet.

Det synt seg raskt at dette var ein suksess. Ein god samarbeidsmodell og ein opplæringsmodell som gav gode resultat på mange plan. Deltakarane fekk fagbrev, næringslivet fekk fagutdanna og mange har gått frå å vere tenestemottakar til å bli tenesteytar. Gloppenmodellen er no den utdanningsmodellen som er tilbodet til vaksne i heile regionen. Alle dei vidaregåande skulane i Nordfjord har per i dag tilbod etter Gloppenmodellen. Du kan lese meir om den på www.gloppenmodellen.no

Under pandemien fekk vi prøvd ut digital undervisning i gjennomføringa av Gloppenmodellen. Det var Firda vidaregåande skule og lærarane der som prøvde ut digital undervisning, for å kunne gje deltakarane undervisning i pandemitid der dei ikkje kunne møte på skulen.

I perioden våren 2019-2022 fekk Gloppen kommune tildelt tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet - IMDI - for å vidareutvikle Gloppenmodellen, og til å lage handbok og rettleiar som skulle systematisere arbeidet med Gloppenmodellen i eit dokument som andre kunne nytte når dei starta opp liknande utdanningsløp. I tillegg skulle det utarbeidast ein forskingsrapport. I prosjektgruppa sat Prosjektleiar, representant for Gloppen kommune (prosjekteigar), lærar og administrativt tilsette frå Firda vidaregåande skule, opplæringsavdelinga ved Vestland fylkeskommune, Nav Vestland og NAV Nordfjord og Norce researchsenter, heretter kalla NORCE. NORCE skulle følgeforske arbeidet med Gloppenmodellen. Prosjektgruppa jobba parallelt med at Gloppenmodellen var i drift. I dette arbeidet var vi gjennom mange fasar. Det var kommunesamanslåing, fylkessamanslåing, NAV regionreform, ny integreringslov, nye læreplanar, store regelendringar samt Covid 19 pandemi.

Vi stilte oss litt skeptisk til å nytte digital undervisning som opplæringsform for vår hovudmålgruppe (sjå figur 1). Vi oppdaga at ved tilrettelegging og oppfølging parallelt med digital undervisning fungerte dette betre og betre. Frå hausten 2022 har tannhelsesekretærklassa hatt fast digital undervisning ein dag i veka, i tillegg til 2 dagar med undervisning på skulen og 2 dagar i praksis i heimkommunen.



Figur 1: Målgruppe for Gloppenmodellen, i prioritert rekkefølge

Vi ynskte å jobbe meir med å lage tilpassa digital undervisning for å prøve dette ut på målgruppa. Vi søkte Integrerings- og mangfoldsdirektoratet om midlar til arbeidet og fekk innvilga stønad for 2022. Stønaden var spesifisert til å gjelde digitalt innhald for tannhelsesekretær. Prosjektgruppa bestod av lærar på tannhelsesekretær på Firda vgs, rektor for nettskulen, digitalpedagog ved Firda vgs, samt fellesfaglærarar ved Firda vgs og prosjektleiar frå Gloppen kommune saman med forskarar frå NORCE Norwegian Research Centre.

2.0 Samarbeid for utvikling av digitalt innhald

Utviklinga av digitalt innhald for Gloppenmodellen har følgd dei same samarbeidsformene som ligg til grunn for gjennomføringa av

opplæring etter modellen. Det vil seie at alle aktørar i opplæringa har vore representert, med særleg vekt på pedagogar og brukarmedverknad frå deltakarar.

Denne samarbeidsforma, der ei mindre arbeidsgruppe har hatt arbeidsmøte kvar veke med produksjonen av det digitale innhaldet har fungert godt. Forslag og utkast har vore vurdert av heile prosjektgruppa.

Etter etablering av prosjektgruppe og arbeidsgruppe vart det gjort viktige avgrensingar i forhold til tema for det digitale innhaldet og kva læremål som skulle dekkast. Dette er ikkje berre viktig når ein har begrensa tid og ressursar, men spesielt viktig i forhold til målgruppa for Gloppenmodellen. Tilpassa fagopplæring krev at deltakaren og bruken av det digitale innhaldet står i sentrum. Her må ein bruke erfaringar frå pedagogar som kan sjå heilskapen i behovet som det digitale innhaldet skal dekke:

- Faglege tema
- Læremål
- Bruk i forskjellige læringsarena
- Behov som målgruppa har som ikkje dekkast av eksisterande læremiddel
- Moglegheiter for arbeide tverrfagleg og yrkesretting av fag

Erfaringar frå samarbeid og planlegging av digitalt innhald i tannhelsesekretær- utdanninga.

Programfaglærer ved Firda vidaregåande har vore ansvarleg for manus. Ho er utdanna tannpleiar og er lærar på tannhelsesekretærlinja på Firda. Dei andre lærarane til denne klassen har og vore involverte i ulike prosessar med filmprosjektet. Ho hadde og med seg ein tannlege og ein tannhelsesekretær i arbeidet. Dei underviser og i dei ulike programfaga. At alle yrkesgruppene frå ein tannklinikk er med i lærarteamet i undervisninga erfarer vi som fagleg tryggjande og vi får dekke eit breitt heilskapsperspektiv. Vi har prøvd å få fram dette i filmen, der samarbeid og god kommunikasjon gjev gode resultat og situasjonar. Vi har og nytta kompetansen til fellesfaglærarane på Firda som er knytt til tannhelsesekretær-utdanninga etter Gloppenmodellen, og vi har hatt god kontakt med andre fagpersonar på tannklinikken på Sandane for å få dette fram. Vi har hatt ulike prosessar undervegs med filmen der det vore tett samarbeid med deltakarane. Dette har vore lærerikt for alle partar og gjeve oss gode erfaringar å ta med

oss vidare i læringsarbeidet. Vi har hatt gode dialogar med deltakarane der dei har gjeve ærlege tilbakemeldingar på ulike tema filmen tek opp og spørsmål vi har stilla. Vi nytta deira egne erfaringar og “oppstart-kompetanse” på språkbruk, om røntgenopptak og andre tema filmen omhandlar. Etterpå har dei uttalt seg om korleis det har vore jobba med filmen. Desse tilbakemeldingane vert viktige for oss å ta omsyn til med tanke på målgruppa den er laga for. Dei har vore ærlege på at dei har lært mykje om røntgenopptak undervegs i desse prosessane, men og om andre tema knytt til røntgen-arbeidsoppgåva. Dei har hatt ulike roller under opptak i dei ulike tema i filmen, enten som “tannhelse-sekretær», ”pasient” eller vore tydelege “kritikarar” i etterkant av filminga - noko som har vore god læring i seg sjølv. Dei har sett seg godt inn i fagstoffet og vi har diskutert godt saman under og etter ulike filminnspelningar, der prosedyrar og ulike rutinar har vorte evaluert. Gjennom denne måten å jobbe på har vi ein undervisningsfilm vi meina er godt tilpassa digital undervisning for målgruppa.

Brukarmedverknad i val av digitalt innhald

Brukarstyrt evaluering frå tidlegare opplæring kan vise tema og spesielle behov for målgruppa som bør inngå i avgrensinga av kva digitalt innhald som skal utviklast (sjå rettleiar for Gloppenmodellen). Vidare vart deltakarane sjølv aktive i utviklinga av manus for filminga og planlegginga av det som skulle som skulle inngå i det digitale innhaldet. Dette gjev ei sterk forankring av utviklinga hos deltakarane og samtidig gjev det pedagogiske moglegheiter for ein strukturert gjennomgang av det avgrensa temaet som er valt. Her kan prosedyrar, rutinar, HMS-krav med meir bli diskutert i prosessen med å utvikle utkast til manus, som igjen blir forankra i prosjektgruppa.

Samtidig som utviklinga vart planlagt og arbeidet med manus var i gong, vart det engasjert ekspertise for produksjon. Dette vart gjort gjennom anskaffing med vektlegging av lokal kompetanse for eit enklare samarbeid. Her spela og grenseverdiane for offentleg anskaffing inn i høve kva prosessar ein må følge. Det er viktig å bruke avgrensinga som vert gjort også i avtalar med innleigd produksjonsstøtte, for å strukturere omfanget av arbeidet. Dette gjer at ein får dekkja dei områda ein har valt å utvikle digitalt innhald for. Samstundes unngår ein avtale om filmopptak med meir som ikkje er nødvendig.



Foto: Kari Irene Lysgård

Erfaring frå brukarmedverknad for digitalt innhald i tannhelsesekretær utdanninga. Filmen er laga saman med lærarar og deltakarar på tannhelsesekretær etter Gloppenmodellen. Deltakarane går no på Vg3 tannhelsesekretær. Med opplæring på skule frå Vg1 helse- og oppvekstfag og Vg2 helseservisefag der dei og har vore under opplæring i bedrift fleire dagar kvar veke gjennom skuleåret, har dei noko kunnskap om både røntgen og tilhøyrande fag, samt digital undervisning. Dette har gjeve dei kompetanse og erfaring vi ser er svært nyttig når vi har laga undervisningsmaterieill tilpassa Gloppenmodellen, der hovudmålgruppa er minoritetsspråklege.

Elevane ved Firda har i tillegg til opplæring på skule, opplæring på tannklinikk 2 dagar kvar veke, enten den offentlege tannhelsetenesta eller private tannklinikkar. Elevane får ein god læringsarena til å styrke fagkompetansen ved å observere og øve på relevante arbeidsoppgåver, der teori på skulen og opplæring i bedrift går hand i hand. Samstundes får elevane ei god førebuing inn mot arbeidslivet i gode fagfellesskap. Dei lærer skrivne og uskrivne lover og reglar når det gjeld arbeidsmiljø, regelverk og krav som blir stilt til ein arbeidstakar. Døme på dette kan vere å kome presis på jobb, gje beskjed ved eigen sjukdom eller ved sjuke born, eller å ikkje ta fri heile dagen dersom ein har legetime.

Produksjon av digitalt innhald

Opptak av filmmateriell vart gjort basert på manus. Frivillege deltakarar og deira lærarar var skodespelarar/statistar og bruk av praksisplassar og skule var opptaksstad. Dette gjev meistring for deltakarar i tillegg til ein moglegheit til å kunne vere eit førebilde for kommande deltakarar. Framtidige deltakarar vil sjå realistiske situasjonar slik dei opplever det og kjenne seg igjen i desse.

Ei utfordring i opptak vil vere uventa behov for filming av forskjellige delar av prosesar som bør dekkast, men som ikkje har vore detaljert i manus. Eksempel kan vere at manus er fokusert på ein situasjon, slik som røntgentaking i behandlingsrommet, medan viktige delar av prosessen skjer i eit anna rom, slik som i steriliseringsrommet. Alle delar av rutinar eller prosessar som ein tek som sjølvsagt i manus vil kunne skape meirarbeid i produksjonen. Samtidig vil deltakarar kunne gjere små feil i gjennomføringa, slik som å gløyme å ta av smykke i ein steril prosess, eller ta på munnbind når det er påkravd. Dette kan gi nye runde med opptak, men samtidig er det ekstra gode læringsmoglegheiter for deltakarane. I gjennomgang av opptak med deltakarane gjev slike opptak gode diskusjonar og refleksjonar rundt kvifor rutinar og prosessar skal gjennomførast slik.

Erfaringar frå samarbeid med praksisplassar og deltakarar i opptak

Den offentlege tannhelsetenesta er ein viktig samarbeidspartnar og stiller med praksisplassar og opplæring med rettleiarar på tannklinikken i nærleiken av der elevane bur. Skulen manglar praktisk øvingsrom, så vi har samarbeidsavtale med den offentlege tannklinikken på Sandane der vi kan nytte lokala og utstyret der etter ordinær opningstid til både opplæring- og øvingssituasjonar, men og til dei ulike vurderingssituasjonar.

“Vi såg røntgenfilmen i lag med elev på eit klinikk møte. Vi hadde gode fagsamtalar rundt ulike tema i filmen og vi gjorde nokre forandringar/justeringar på eigne klinikkprosedyrar. Det er fint vi vert påminna om dei faglege anbefalingane for smittevern i klinisk odontologisk praksis og det er lærerikt for oss og å ha ivrige, lærevillige elevar på tannklinikken.” - rettleiar tannklinikken

Elevane har ulike erfaringar med både skule- og arbeidsliv, språk og kulturell bakgrunn. Vi hadde kartlegging av språkferdigheiter og intervju med elevane før dei starta opp med studiet. Erfaringar gjer

at vi før neste skuleår anbefalar å vise [“tannhelsesekretær-filmen”](#) saman med elevane i samband med intervjuet. Vi vil gjere desse intervjuet på ein tannklinikken for å konkretisere og vise meir bredde på kva tannhelsesekretæren sine oppgåver er. Når desse vert vist fram på ein vanleg tannklinikkk vert det meir konkretisert og forståeleg for elevane. Ein får vist meir bredde for det viktige arbeidet ein tannhelsesekretær gjer i løpet av arbeidsdagen på ein god måte, noko vi tenkjer er svært viktig! Her er det mange moglegheiter for kreative løysingar og vi trur det kan vere ein god plan å bruke tid på dette for å skape gode relasjonar.

Vi kan møtast ein til ein eller gruppevis og vi har erfaringar med at ein god start legg eit godt grunnlag for faglege- og medmenneskelege relasjonar; elev/elev, elev/lærer og elev/samarbeidspartnarar på tannklinikken. For å få dette gjennomført krev det sjølvsagt at alle involverte samarbeidspartnarar ser nytten i dette proaktive arbeidet, og at det vert sett inn ekstra ressursar til det. Dette er tidkrevjande, men med god struktur og effektive løysingar ser vi at vi får lite fråfall undervegs og får motiverte elevar med stor gjennomføring av studiet. Dei elevane som finn ut at dette studiet ikkje heilt var slik dei trudde, eller fått førespegla, har vi moglegheit til å rettleie vidare til andre studie før oppstart.

“Etter at tannklinikken vår fekk elevar under opplæring, fekk vi mange spørsmål om prosedyrane våre, kva- korleis -kvifor om t.d. smittevern under røntgenopptak. Dette gjer at vi har hatt fagleg diskusjonar og gjennomgong av fleire prosedyrar i fellesskap. Vi ser det er svært nyttig i å halde seg fagleg oppdatert og det må vi vere når vi har elevar her” - rettleiar tannklinikkk

Utvikling av støttemateriell i det digitale innhaldet

Samtidig med opptak starta utvikling av støttemateriell. Støttemateriellet består av oppgåver og anna pedagogisk materiell, slik som temahefte som ikkje er dekkja av eksisterande læremidlar, eller der eksisterande lærebøker og nettressursar ikkje er tilpassa målgruppa. Støttemateriellet skal vere digitalt i form av PDF-dokument eller nettsider som kan lenkast til filminnhaldet. Moglegheiter for den pedagogiske bruken av film og støttemateriell er beskrive i ein eigen rettleiar ([Rettleiar del 2](#)). Saman utgjer dette det digitale innhaldet.



foto: privat

3.0 Universell utforming og digitalt innhold

[Video og lydopptak | Tilsynet for universell utforming av ikt](#)

Krav til universell utforming av film med lyd, medfører at film skal vere teksta for at personar som har problem med høyrsel skal få presentert lydinnhaldet på ein annan måte, og teksting er også nyttig for andre som av ulike årsaker ikkje ynskjer å ha på lyd.

I dette prosjektet har vi i tillegg hatt fokus på at teksting av filmen er ein måte å forsterke læringa til vår målgruppe som består av elevar som ikkje har norsk som sitt førstespråk. Ved å tekste filmen, gjev vi dei moglegheit til å betre oppfatte kva som blir sagt og forsterkar den visuelle delen for dei som «lærer gjennom auga».

Vi har hatt fokus på at tekst skal vere lett å lese. Dette krev tydeleg kontrast mellom tekst og bakgrunn, og bruk av visuelt reine skrifttypar. Dei fleste stadar er det brukt kvit skrift på svart bakgrunn.

Teksten kjem opp automatisk, eller ein kan velje tekst på ein knapp som ligg lett tilgjengeleg saman med verktøylinja for å styre filmen.

4.0 Digitalt innhald og Gloppenmodellen

Gloppenmodellen har fleire sentrale prinsipp (Hellang og Espegren, 2022) som kan sjåast på som suksesskriterium for gjennomføringa av fagopplæring for målgruppa. Desse suksesskriteria føl fasane i Gloppenmodellen og krev kompetanse og samarbeid frå lærarar, rettleiarar på praksisplassar, programrådgjevarar/oppfølgingstenesta og deltakarane sjølv. Målgruppa for Gloppenmodellen er motiverte vaksne som har behov for tilrettelagt opplæring, der også flyktningar som deltar/har deltatt i introduksjonsprogrammet kan inngå i målgruppa. For denne målgruppa gjev fleire av Gloppenmodellen sine suksesskriterium ekstra meining, og digitalt innhald kan ha ein mogleggjerande eller forsterkande verknad.

Prøvepraksis er eit sentralt element av Gloppenmodellen i fase for oppstart av ny klasse og førebuingar før søknad og inntak ([REF rettleiar/handbok](#)). Desse førebuingane omfattar samtaler med kandidatar og prøvepraksis før kandidaten søker.

I fleire yrker er prøvepraksis vanskeleg med tanke på HMS-reglar eller andre hinder. Tannhelsesekretær er eit slikt yrke der prøvepraksis ikkje lar seg gjennomføre. Digitalt innhald gjev her moglegheit for kandidaten til å få ei god oversikt over yrket, inkludert oppgåver, krav til arbeidskle og sentrale rutinar. Dette kan omfatte pasientkontakt, bruk av kommunikasjonskanalar, rutinar for hygiene og stråling med meir. Digitalt innhald som både kan gje eit overblikk over eit yrke, men også vise fleire detaljar av kva som krevst i opplæringa, er spesielt nyttig for målgruppa i prosessen før kandidaten vel å søke. Bruken av digitalt innhald i samtaler før søknad kan avklare misforståingar knytt til forskjellar i innhaldet i yrker mellom land, avklare konkrete begrep og yrkestitlar på same arbeidsplass (eks. tannhelsesekretær, tannpleiar, tannlege) og gje ein kombinert visuell og tekstleg presentasjon som kan tilpassast målgruppa spesielt med tanke på språk.

Fleksibilitet for målgruppa i gjennomføringsfasen av Gloppenmodellen er spesielt viktig da deltakarane ofte er i andre livssituasjonar enn ungdom, og der mange har ein bakgrunn i yrkeslivet i tillegg til at fleire har ei flukthistorie. Svært mange er i ein småbarnsfase, med oppfølging på helsestasjon og andre oppgåver som tar prioritet i kvardagen. Digitalt innhald gjev moglegheit for meir fleksibilitet gjennom meir digital undervisning i tillegg til bruk heime og på praksisplassen. Sjå kapittel [om pedagogisk bruk på forskjellige læringsarenaer i veileder 2](#)

Erfaringar med behov for fleksibilitet

Då dei starta opp med Vg3 tannhelsesekretær i august 2022 tredde LK20 i kraft og skapa nokre utfordringar både for lærarane og for elevgruppa. Elevgruppa ville gjerne fortsetje å ha digital undervisning, då dei fekk gode erfaringar med det under koronapandemien. Vi erfarte mindre fråvær, god innsats og høg motivasjon blant elevane. Elevane slapp reisetid den eine digitale opplæringsdagen, noko både lærarar og elevane trekkjer fram som positive erfaringar. Dei meistra godt One Note og Teams, og dei har gradvis utvikla ferdigheitene undervegs.

Det er ikkje utgjeve nye faglege oppdaterte læreverk etter at dei nye læreplanane vart teke i bruk. Det krev god planlegging og struktur av oss lærarar, men gjev og moglegheiter for kreative løysningar.

Vi varierer med ulike undervisningsmetodar i læringsprosessane i dei ulike tema. Vi har undervisning på skulen med PowerPoint-presentasjonar, gruppearbeid, diskusjonar, fagsamtalar og elevane delar eigne erfaringar frå praksisplassane. Vi nyttar tannklinikken både til øvingar, og som undervisningslokale. Elevane har skriftlege innleveringar og munnleg praktisk deltaking rundt dei ulike tema og arbeidsoppgåver dei skal lære seg.

Etter ei elevundersøking heilt i starten av skuleåret, synt det seg at elevane likar variasjon i opplæringa. Firda/vi ønskjer å ha stor grad av elevmedverknad og har prøvd å tilretteleggja for det. Dei får naturleg språktrening gjennom presentasjonar og elles i opplæringa på skulen og i bedrift/tannklinikane. Ved å øve og nytte fagterminologi i desse ulike presentasjonane, får dei og språktrening og forståing for dei ulike arbeidsoppgåvene dei skal meistre.

Vi sakna oppdaterte visuelle hjelpemiddel og det var då ideen om ein opplæringsfilm om røntgen tok form. Vi har erfaringar med at denne elevgruppa likar og får betre læringsutbytte om dei kan bruke visuelle læremiddel som støtte. Her er det mange moglegheiter for korleis ein som lærar eller ein rettleiar kan variere bruk av filmen i både undervisninga og opplæringa på tannklinikken. Det vil vi kome tilbake til og gje eksempel på i eit eige kapittel

Fleksibilitet i tilpasning til målgruppa

Digitalt innhald gjev også fleksibilitet i forhold til språkstøtte og tilhøyrande oppgåver som kan tilpassast målgruppa. Moglegheiter for både teksting og lyd på andre språk gjev større valmoglegheiter i framstillinga av fagstoffet enn læremidlar i bokform. Eigenproduserte

caseoppgåver og refleksjonsoppgåver gjer at tidlegare ark og kopiar no kan lenkast saman digitalt med videoeksempel og oppdatert lovverk og faglege retningslinjer. Dette gjev nye moglegheiter som støtter gjennomføringa av opplæringa etter Gloppenmodellen, der praksisplassen blir sett som ein sentral læringsarena tidleg, og der tilpassing av fagleg støttmateriell har behov for fleksibilitet i bruken for vaksne minoritetsspråklege.

5.0 Bruk av digitalt innhald og - undervisning

Vi har samla nokre erfaringar og omsyn som bør takast ved bruk av slik digitalt innhald, og korleis digital undervisning har vore gjennomført i Gloppenmodellen. Pedagogiske omsyn og anbefalingar finn du [i rettleiar del 2](#). Her vil vi gå gjennom:

- pålogging
- opplæring i teams, onenote ol
- studieteknikk
- kartlegge deltakarane i forkant slik at vi veit korleis vi skal legge opp undervisninga

Kartlegge deltakarane for å bli kjent med deltakarane sin digitale kompetanse. Det legg eit godt grunnlag for korleis lærarane kan legge opp undervisninga og ta omsyn og tilrettelegge for elevane undervegs gjennom skuleåret.

Realkompetansevurdering gjennomførast mellom anna av lærarane som underviser.

Her er det ein god arena for å bli kjende med deltakarane sine styrker for å nytte desse inn i undervisninga. Vi erfarer og at desse intervjuar/samtalane er god med tanke på relasjonsbygging.

- kan bli kjent med dei og få mykje god informasjon når dei er på realkompetansevurdering. Det er dei same lærarane som har dette som underviser. Ser på korleis dei kan bruke dei ulike deltakarane sine styrker inn i undervisning.

5.1 Før vi set i gang undervisning

For deltakarane

Det er viktig å sjå at alle deltakarane har utstyr heime som gjer at dei kan følgje digital undervisning. Dei som er frå Gloppen fekk pc ved oppstart i introduksjonsprogrammet. Dette varierer noko frå kommune til kommune. Deltakarar som ikkje har eigen pc vart anbefalt å nytte Vestland fylkeskommune si skule-pc ordning. Vi opplevde at mange ynskte å nytte denne ordninga sjølv om dei hadde pc heime. Dei opplevde at det å ha same pc som dei andre gjorde rettleiing internt i klassa lettare.

*«Når vennen min skal vise ting på pc er det bra å ha same pc. Da er det lettare å forstå»
-deltakar på tannhelsesekretær*

Det er viktig å sjå at heile klassa har eit digitalt nivå som gjer at dei kan klare å forstå korleis dei skal logge på teams, korleis dei kan bruke teams og korleis dei skal levere oppgåver.

Første dag på skulen har vi hatt ei økt med digitalpedagog. Før skulestart skal alle elevane ha fått tilsendt ei aktiveringskode på sms for å kunne logge inn i Vestland fylkeskommune sine system. Vi anbefaler sterkt at elevane aktiverar brukaren sin allereie før dei kjem på første skuledag. Det tek litt tid før alle system er oppdatert, og det kan fort medføre at eleven ikkje kjem seg inn i systema før det er gått ein dag etter aktivering av brukar.

Det er viktig at det allereie ved inntak av elev blir passa på at det er eleven sitt mobilnummer som blir registrert i systema. Vi har opplevd at det enkelte gongar har vore ektemann eller føresettt sitt nummer som har vore registrert, då kjem ikkje aktiveringskoden fram som den skal.

Det er også viktig at eleven har bankID med app eller brikke, då mange system krev dette, inkludert signering av låneavtale for læremiddel (bøker) og kjøp av elev-pc.

Eksempel på plan for ei opplæringsøkt:

- Kome oss på nett (både pc og mobil)
- Logge inn i ein nettlesar med skulekontoen
- Laste ned Office-pakka til pc
- Opprette pålogging med to-faktor

- Få tilgang til Teams og orientere litt om programmet (Ulike team, klassenotatbok og chat, innlevering av oppgaver, beskjed om at sensitiv info ikkje skal leggst her)
- Generell gjennomgang av bruk av OneNote (Eige område, samarbeidsområde og område der lærar legg ut fagstoff, informasjon osv.)
- Litt om Word, Excel og PowerPoint
- Gjennomgang av OneDrive for lagring av filer
- Gjennomgang av Visma In School (VIS) - skulesystemet der dei finn alt frå timeplanen sin, til resultat på prøver og standpunktarakterar, søke om fråvær og alt som gjeld elevadministrasjon
- Lingdys Skole - digitalt hjelpemiddel opprinneleg utvikla for elevar med lese- og skrivevanskar men forenkla versjon er teke i bruk for alle ved skulen. Kan støtte elevane med skrivehjelp og lesehjelp.



Foto: Ann Iren Festervoll

Dersom skulen har digitalpedagog bør denne også vere tilgjengeleg seinare dersom det er ynskjer om oppfrisking av enkelte tema, eller det kjem til nye digitale hjelpemiddel som lærar ser kan vere nyttig å ta i bruk i klassen.

Lærarane

Vi nyttar den fysiske samlinga til å legge til rette for eit godt læringsmiljø. Vi hadde / anbefaler ulike varierte aktivitetar i klasserommet for at dei skulle bli kjente med kvarandre (til døme kafedialog med

ulike tema knytt til undervisninga) Vi fekk då munnleg aktivitet der alle snakka med kvarandre og vart litt kjente.

Vær obs på at kamera er rett innstilt. Still inn kamera slik at du har god kontakt med deltakar. Bruk tid på å finne ein roleg bakgrunn der du sit. Deltakar skal ha fokus på deg, budskapet og medelevarane. Gloppenmodellen anbefala ei klasse på max 15 elevar. Det betyr at behovet for breakout rooms er mindre. Det er og enklare for deltakarane å ta ordet i ei slik klasse. Sidan dei kombinerer undervisning i klasserom og digital undervisning gjennom skuleåret, vert dei godt kjende og vår erfaring er at dei er trygge på å ta ordet sjølv på digital undervisning. Vi anbefaler og at deltakarane må ha kamera på frå første dag. Dette gjer at terskelen for å gjere andre ting er høgare. Hugs å følge opp den enkelte deltakar og dei ulike tema på dei fysiske undervisningsdagane allereie frå starten.

5.2 Ver bevisst på kva fag som eigna seg til digital undervisning

Vi må vere bevisste på at fag og kunnskap er det viktigaste sjølv om vi snakka om digital undervisning. Vi må sjå kva del av tannhelsesekretærutdanninga som egna seg som digital undervisning for målgruppa. Ikkje ha digital undervisning for den digital undervisninga sin del. Fleire av faga på tannhelsesekretær har element som egna seg godt for digital undervisning eller som digital støtteundervisning. For nokre elevar kan det vere stor styrke å ha undervisningsopplegg og undervisningsfilm som dei kan nytte heime til sjølvstudium i tillegg til undervisning med lærar. Vi må likevel hugse at ikkje alt som fungerte bra i pandemi vil fungere like godt i normalt tid. Vi har gjort nokre erfaringar kring kva det vil seie for motivasjon og læring å kunne treffast.

Gjere digital undervisning enkel

Vår erfaring er at lærarene ikkje treng å fokuse på avansert digital teknologi. Både lærar og deltakar har ulik digital erfaring. Det er viktig å legge til rette for at dei grunnleggjande digitale ferdighetene fungerer godt før ein nyttar nye digitale verktøy.

Fleire av lærarane har liten digital undervisningserfaring, og iallfall med vår hovudmålgruppe. Vårt beste råd er derfor å halde det på enkle plattformer og eit nivå som ikkje stressa men er til hjelp både for lærar og deltakar. Hugs at digitale verktøy er nettopp det, det er verktøy for at lærar og deltakar skal kunne kommunisere sjølv

om dei ikkje er i same rom. Vi starta opp dette prosjektet for å auke deltakartalet som får autorisasjon som tannhelsesekretær, ikkje for å lage digitale deltakarar. Læraren sitt hovudfokus må vere å skape gode læringsmiljø og gode forum for deltakarane.

Nytte ressursar dei har

Det er viktig å kartlegge kunnskapen blant deltakarane i forkant av oppstart eller heilt i oppstarten. Kva kompetanse har deltakarane frå før, kva arbeidserfaring har dei og kva er dei gode på? Desse ressursane kan vi nytte i undervisninga. Det gjev mestring hjå den enkelte og dei vert sett og inkludert. Brukarmedverknad er i fokus.

Dei er oftast interessert i å dele sin kunnskap og det er nyttig å sjå kven som er gode på ulike tema, så kan dei nyttast som ressurs i klassa. Dette gjev mestring hjå den enkelte og dei vert sett og inkludert. Det er heile vegen fokus på brukarmedverknad.

Anbefalt klassestørrelse

Gloppenmodellen anbefala ein gruppestørleik på 10-15 elevar. Resultatet syner at det som gjev best oppfølging og best læring for deltakarane er ei klasse på 10-12 deltakarar. Med eit slik utgangspunkt vil dei få tettare oppfølging av lærar samt ei trygg klasse der dei kan lære av kvarandre. Vi står inne for same anbefaling når det gjeld klassar som har hybrid opplæring med noko i klasserom og noko digitalt.

5.3 Samhandling mellom fellesfaglærarar og programfaglærarar

Tema som skal jobbast med i digital undervisning vert og jobba med i klasseromsundervisning. Dersom det ikkje er klasseromsundervising, f eks grunna pandemi og restriksjonar er det tilbod om samtale med lærar for å opplara vanskelege problemstillingar.

Lærebøker og opplæringsmateriell på tannhelsesekretær stetta ikkje alle krava i nye læremål. Lærarane må derfor lage eigne undervisningsopplegg. For meir om yrkesretting og tverrfagleg opplæring [sjå rettleiar del 2](#)

6.0 Brukarmedverknad

Utvikling av digitalt innhald for Gloppenmodellen bør følge dei same prinsippa for brukarmedverknad som ligg til grunn for gjennomføringa av opplæringa. Desse prinsippa finst i rettleiaren for Gloppenmodellen ([Ref rettleiar Gloppenmodellen](#)). Dette medfører at brukarane ikkje berre er representert i prosjektgruppa, men at den enkelte deltakar inngår i samarbeid med lærarar og andre aktørar i utviklinga av innhaldet. Samarbeid betyr her at deltakarane formar prosessen gjennom planlegging, gjennomføring og evaluering.

Denne framgangsmåten vart gjennomført i utviklinga av digitalt innhald for tannhelsesekretær ([se rettleiar del 2 og kapittel 2 over](#)). Som ein del av evalueringa av utviklinga av dette digitale innhaldet vart deltakarane sine opplevingar og anbefalingar dokumentert gjennom gruppeintervju gjennomført av forskarar frå NORCE. Dette kapittelet oppsummerer nokon tema og refleksjonar frå deltakarane for å styrke framtidig utvikling av digitalt innhald for Gloppenmodellen. Alle sitat er frå deltakarar som bidrog i utviklinga av digitalt innhald for tannhelsesekretær. Det er fem kvinner som går på siste året. Alle har familiar med barn.



Foto: Ann Iren Festervoll

Medverknad og medbestemmelse

Deltakarane i utviklinga av det digitale innhaldet var opptatt av god og tidleg informasjon. Dette vart gjeve av både prosjektleiar og faglærar i prosessen, inkludert informert samtykke.

«Jeg var veldig sjenert. Det var første gang. Vi fikk god informasjon på skolen og fikk forklart hva vi må gjøre. Hun forklarte veldig godt at vi er med med det.»

«[Prosjektleder] var også på skolen og forklarte hvordan vi er rollemodeller. De som er i voksenopplæring som er ny med alt, ny språk, ny skole. Det kan hjelpe de om vi lager denne filmen. Det er en god model om vi viser hvordan vi gjør våre oppgaver.»

Det er tydeleg at deltakarane vart motivert av ønske av å hjelpe nye deltakarar og andre som vurderer å bli tannhelsesekretær. Dei ser at det gjev meining å lage materiell som dei sjølv skulle ønske dei hadde tilgang på før dei søkte opplæringa.

«Det var litt flau og litt sjenert. Første gang som vi gjør det. Men det er motiverende for andre.»



Foto: Privat. Frå samling før jul med utdeling av gåve som takk for innsatsen med å gje oss brukar sitt perspektiv

Mestring og læring i prosessen

Proessen med å utvikle både film og støttemateriale involverte deltakarane og inngjekk i deira opplæring dei dagane. Dette var både i forhold til prosedyrar og retningslinjer i filminga av gjennomføring av røntgen, men også i forhold til gjennomgang av faguttrykk og begrep som inngjekk i film og støttemateriell.

«Vi lærer faguttrykk. Det er vanskelig for oss som kommer fra annet land. Vi diskuterer sammen, når det er på arabisk blir det litt rart for oss for vi skjønner alt. Men på norsk må vi tenke på det rette ordet, hvordan kan vi si det når vi har kontakt med pasienten eller andre.»

Deltakarane vart bedt om å velje dei fem vanskelegaste uttrykka i filmen for så å diskutere desse på sitt morsmål (arabisk) før dei saman med læraren kom fram til gode forklaringar av uttrykka på norsk.

Nytten av digitalt innhold fra deltakerperspektiv

Deltakarane såg heile tida nytta ut frå si eiga erfaring før de søkte opptak til tannhelsesekretær, inkludert ventetida til oppstart av klassen. Eksisterande generell informasjon om yrket mente dei ikkje var godt nok. De hadde behov for å sjå konkrete arbeidsoppgåver som die kunne relatere seg til i forhold til sine tidlegare erfaringar (kulturelle referanserammeverk).

«Da jeg begynte å søke på tannhelsesekretærlinje så jeg bare en film, og det var ikke så god informasjon, ikke oppgaver som tannhelsesekretær gjør. Når vi ser på filmen nå kan vi se at tannhelsesekretær har mange oppgaver på jobb. Det er veldig viktig for de som skal begynne.»

«Filmen viser oppgaver til tannhelsesekretær, og når man ser hva som er forventet meg når jeg skal på praksisplass. Hva må jeg kunne for å lære på tannhelsesekretæryrket?»

«Når vi er hos tannlege så merker vi ikke alt som skjer rundt oss. Pasienten er opptatt med tannlegen. De ser oss bare i behandlingsrom, men de vet ikke at vi er ute, vi jobber med telefon og administrasjon, vi er i sterilrom, jobber med mange instrumenter. Når jeg søkte og fikk plass om ett år. Jeg ville lære mer om tannhelsesekretær. Jeg var med barna mine til tannlege. Jeg visste ikke at tannhelsesekretær skulle jobbe med telefon eller sterilrom.»

Mistydning om kva eit yrke inneber kan føre til feil val av opplæring og til store utfordringar i opplæringsløpet. Det at ein tannhelsesekretær har krav til uniform, sterilisering av brukte instrumenter og kontakt med pasientar på telefon og direkte i behandlingsrommet, er viktig informasjon for minoritetsspråklege med andre kulturelle referansar.

«Jeg trodde at tannhelsesekretærs oppgaver var å bestille timer til pasientene. Jeg tenkte aldri at tannhelsesekretær skulle jobbe med sterilrom og ved assistere med tannlege. Å kunne alle begrepene. Anatomi.»

Fleksibilitet i bruk av digitalt innhald kopla med digital undervisning var ein klar nytte for deltakarane. Vi ser at ein region som Nordfjord på Vestlandet kan by på utfordringar knytt til transport og vår. Samtidig har alle deltakarane familie med barn som krev oppfølging. Fleire av deltakarane bor i nabokommunar, noko som gjer det vanskeleg med oppfølging av barn i heimkommunen sin med opplæring i klasserom der skulen ligg. Lange dagar med to timar på buss, fører til at fleire ikkje kunne gjere skulearbeid heime.

«Det er vanskelig for meg som har familie og barn. Uansett om barna trenger masse hjelp, så har jeg mange oppgaver hjemme. Når vi har lange dager fra klokken syv til klokken fem på skole. Vi kan ikke gjøre oppgaver hjemme.»

«Det er kjekt å gå på skole og det er sosialt. Det er vanskelig med familie og barn. Første året begynte vi klokken 10 til fem. Men nå må vi gå klokken syv med bussen to dager. Jeg har ikke tid til skolearbeid hjemme.»

«Jeg hadde barnehagebarn i fjor. I år har jeg en i første klasse og det er veldig vanskelig med SFO og praksistid. Vi må begynne kl halv åtte eller syv. Jeg må levere barna først og jeg må rekke bussen. Det er et problem med buss. Vi kaster bort to eller to og en halv time hver dag på buss og ventetid.»

Deltakarane har digital undervisning ein dag i veka, men slik undervisning gjev moglegheiter for å kunne bruke digital undervisning ved ekstremvær og når enkelt deltakarar må vere heime med sjukt barn eller har timer hjå helsestasjon med meir.

«Vi har bare digital undervisning på fredag, men i går hadde vi også digital undervisning på grunn av dårlig vær. Det var veldig vindkast i Vestland. Det hjelper veldig mye.»

«Digital undervisning hjemme hjelper oss når vi har en time hos lege eller tannlege, eller barna. Vi kan ikke gjøre det på en vanlig undervisningsdag eller på praksis.»

«Vi kan være med digitalt hvis vi skal følge barna til lege. Det hjelper også når vi er syke eller har sykt barn. Både telefon eller PC.»

Det digitale innholdet såg deltakarane som viktig spesielt i fag der dei ikkje hadde lærebøker eller der lærebøkene var gamle og utdaterte i forhold til nytt regelverk og teknologisk utvikling. Her får film og støttemateriell ein viktig funksjon for å rette opp på manglande læremiddel.

«Bøkene er litt dårlige. Gamle. Vi finner viktig informasjon på nett. [Læreren] finner nettsider til oss.»

Utfordringer med medverking i utvikling av digitalt innhold

Samtidig som at deltakarane fekk god informasjon og samtykke, så gjev deltakarane tilbakemelding på at dei har hatt litt andre forventningar til kva som blir med i filmen, spesielt i filmen som inngjekk i innholdet. Dette var spesielt retta mot inkludering av ansikt og heilfigur i bildet. Deltakarane ønskte å framstå som «profesjonelle» og ville gjort ting annleis om de fekk ein moglegheit til.

«Jeg tror det var veldig vanskelig, fordi jeg fikk ikke god informasjon at jeg skal være hele ansiktet og hele kroppen, jeg fikk det ikke med meg. Jeg må være bevisst på hele kroppen og hele kroppsspråket, det var ikke lett. Vi skal være som artist, men vi har ikke erfaring med det. Om jeg skulle gjøre det en gang til så må jeg tenke mer.»

«Mer informasjon for å utføre det bedre. Vi kunne se samme [type] film for eksempel, hvordan det blir.»

«Vi har skrevet under på samtykke, men litt overrasket over at ansikt vises.»

Ei anna utfordring som dei melder er at filming og utvikling av støttemateriell kunne kome litt på toppen av andre ting. Skuledagen kunne

bli lang i tillegg til oppgaver som venta på dei heime, sjølv om det meste av arbeidet var lagt til ordinær skuletid.

«Vi er på skolen til fem og alle er sliten. Vanskelig med filming etter lang dag.»

Anbefalingar for vidare utvikling av digitalt innhald

Deltakarane såg fort at det er fleire delar av prosedyrar og prosesser som andre fagutdanningar kunne ha nytte av. Opplæringa til helsefagarbeidar deler nokon prosedyrar for smittevern og hygiene. Samtidig såg dei behovet for fleire filmar og støttemateriell som kunne dekke fleire delar av yrket deira, slik som bruk av sterilrommet, administrative oppgaver, handtering av skadesituasjonar (stikkskadar m.m.), avfallshandtering og andre deler av oppgaver i yrket som kunne utviklast.

«Denne filmen har noen felles punkt med helsefagarbeider. Noen prosedyrer for hygiene og smittevernstiltak.»

«Det er viktig å lage sånne filmer for yrker som ikke er veldig kjent for folk.»

«Det er flere som kjenner helsefagarbeider og det er flere filmer for helsefagarbeider. Ikke så mye for tannhelsesekretær eller andre yrker som ikke er så kjent.»

Igjen så viser deltakarane at det å sjå konkrete arbeidsoppgaver er avgjerande for å få forståing av yrket som ein søker seg til. Nyttan ligg altså spesielt i detaljert innhald som dei kan relatere seg til i forhold til tilsvarende yrker frå sitt heimland.

«Det er viktig for de som kommer fra et annet land for de kjenner ikke til oppgaver til tannhelsesekretær i tannklinikk. For eksempel røntgenbilde, snakke med pasient og smittevern.»

7.0 Vidare drift og utvikling

Vi har laga ein todelt rettleiar. I tillegg til denne første delen som omhandlar rettleiing for å utvikle digitalt innhald, har vi laga ein egen del 2 av rettleiaren som omhandlar den pedagogiske bruken av digitalt innhald. Del to inkluderer bruk av film om røntgentaking med støttemateriell. Her syner vi forslag til bruk av film i forskjellige læringsarena og oppgaver knytt til filmen.

Koronapandemien har synleggjort eit behov dei vidaregåande skulane har for digitalt innhald, brukt og tilpassa opplæring støtta av digitale verktøy. Deltakarane i fagutdanning etter Gloppenmodellen har særskilte behov for fagleg digitalt innhald, med tanke på fagspråk, forståing av uttrykk, kulturelle kodar med meir. Nokre er småbarnsfamiliar og andre har utfordrande logistikk for å delta i opplæringa eller samlingar. Denne siste utfordringa viser også ei ny moglegheit for større grad av digital undervisning for å utvide det geografiske søkjartilfanget for skulane våre, og samstundes gje den enkelte elev ein enklare kvardag. Det digitale innhaldet som blir utvikla for Gloppenmodellen, blir direkte implementert i drift ved at det brukast regionalt i opplæringa ved Firda vidaregåande skole og samtidig inngår innhaldet som ein del av Vestland fylkeskommune si satsing på nettskule.

Nettskulesamarbeid

Digitalundervisning for målgruppa til Gloppenmodellen har vore gjennomført som ein del av ordinær undervisning. Det betyr at deltakarane har vore på skulen og i praksis, men at deler av klasseromsundervisninga har vore erstatta med digital undervisning. I tillegg har Firda vidaregåande skule eit nettskulesamarbeid med Nettskulen i Vestland fylkeskommune. Vi legg ved samarbeidsavtalen som er inngått for å syne korleis eit slik samarbeid kan vere for Gloppenmodellen si målgruppe.

Forslag til tema for vidare arbeid og utvikling

Utviklinga av det digitale innhaldet for tannhelsesekretær i Gloppenmodellen har vist at det er behov for meir utvikling av slikt innhald. Deltakarane sjølv etterlyser fleire tema for slik framtidig utvikling, inkludert fleire arbeidsoppgåver innan yrket (sjå kapittel 6). Eit viktig poeng for framtidig utvikling er å satse på konkret og detaljert innhald som deltakarane i målgruppa kan relatere seg til med sin bakgrunn.

Samtidig har innhaldet blitt presentert på nettverkssamling for tannhelsesekretær- lærere i Bodø våren 2023. Denne samlinga bestod av faglærarar frå alle landets vidaregåande skular med tannhelsesekretær som faglinje. Tilbakemeldingane frå samlinga var udelte positive og viste at slikt innhald traff eit stort behov frå faglærarar. Dette var spesielt for nye faglærarar som treng inspirasjon og eit pedagogisk grunnlag for tema innan fagopplæringa. Bruk av fagterminologi i innhaldet med gode forklaringar var påpeika blant erfarne faglærarar som spesielt positivt.

Fleire fag kan nyte godt av å utvikle digitalt innhald. Frå deltakarane var det klar melding at mindre kjende yrker bør få slikt innhald. Meir kjende yrker som helsefagarbeidar har mykje innhald og er meir kjent i detalj. Dette bør vere førande for å få fram andre yrker i vidare utvikling som ikkje har mykje digitalt innhald.

Vidare utvikling bør også fortsette arbeidet med yrkesretting og tverrfagleg samarbeid, der innhaldet gjev moglegheit for oppgåver og tema som går på tvers av programfag og fellesfag. Vi har i den andre delen av rettleiaren gjeve fleire døme på slik bruk av digitalt innhald, men ser at det er behov for meir utvikling på dette feltet.

Forslag til vidare utvikling kan vere:

Gjennomføre tematiske samlingar med plenum- og gruppediskusjon, eksempelvis:

- Pedagogiske utfordringar og moglegheiter
- Yrkesretting av fag
- Tverrfagleg/fleirfagleg
- Praksis som læringsarena for fellesfag

Utvikle temahefte med rettleiing og oppgåver for slike samlingar

Dette samarbeidsprosjektet har vist at slik vidare utvikling krev litt innsats i form av midlar til produksjon av innhald. Skulene sit på store faglege ressursar som lett kan inngå i pedagogisk utviklingsarbeid dersom god forankring i leiinga på skulen.




Foto: Kari Irene Lysgård

Prosjektgruppe og styringsgruppe Digitaliserings Gloppenmodellen

Styringsgruppa

Styringsgruppa har det orverordna ansvaret for gjennomføring av prosjektet. Gloppen kommune er prosjekteigar. Styringsgruppa består av:

Gunhild Gimmestad - kommunalsjef helse og velferd - Gloppen kommune

Rolf Årdal - assisterande fylkesdirektør for opplæring - Vestland fylkeskommune

Kari Tonning - NAV Vestland eller NAV Nordfjord

Ann Iren Festervoll - prosjektleiar - Gloppen kommune

Leiar for styringsgruppa er Gunhild Gimmestad, Gloppen kommune.

Prosjektleiar Ann Iren Festervoll, Gloppen kommune er medlem og sekretær for styringsgruppa. NORCE har observatørstatus i styringsgruppa. Styringsgruppa gjer prioriteringar for prosjektet inkludert målsettingar og budsjettavgjersler.

Prosjektgruppa:

Kari Irene Lysgård - faglærer tannhelsesekretær Firda vidaregåande skule

Anders Fitje - fellesfaglærer Firda vidaregåande skule

Jorunn Mardal Kårstad - fellesfaglærer Firda vidaregåande skule

Audun Bjelland - Rektor Nettskulen, Vestland fylkeskommune

Hilde Hole - Digitalpedagog/spesialkonsulent Firda vidaregåande skule

Astrid Espegren - Senior forskar, NORCE

Øyvind Hellang - Senior forskar, NORCE

Ann Iren Festervoll - prosjektleiar, Gloppen kommune

Brukarrepresentant gruppe:

Hasina Mohebullah

Olha Damarska

Rawaa Ahmad Alhallak

Jihan Mihidi Al-Mohammad

Maram Mohamud Ezzat Al-Qowati

Litteraturliste:

Lover og forskrifter:

Retningslinjer og veiledere:

[Helsedirektoratet, nasjonal faglig retningslinje](#)

[Veileder nr 14, Statens strålevern](#)

[Faglige anbefalinger for smittevern i klinisk odontologisk praksis\(2018\)](#)

[Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet; medisinsk strålebruk](#)

[Tannhelsesekretæren sine yrkesetiske retningslinjer](#)

Læreplaner og kompetansemål:

[Læreplan tannhelsesekretærer](#)

[Kompetansemål](#) etter vg1 helse- og oppvekstfag - Læreplan i naturfag (NAT01-04) (udir.no)

[Kompetansemål i norsk](#) med kort botid

[Kompetansemål etter matematikk 1P-Y for helse- og oppvekstfag](#)

- Læreplan i matematikk fellesfag vg1 praktisk (matematikk P) (MAT08-01)

Tannhelsesekretær-lærebøker vg3(Fagforlaget Vett og Viten)
Yrkesutøvelse, Kommunikasjon og Helsefremmende arbeid



Avslutninga til tannhelseklassa. Foto: privat